

SFO 2021/2022 på Sveio skule



Skal du søkje om plass på SFO?

Hugs at søknadsfristen er satt til den 15.03.21, både for ordinært opphald på SFO, samt dei ulike feriane.

Dei ulike SFO tilboda vi har i kommunen er:

- Full plass (morgon og ettermiddag)
- Ettermiddag
- Halv plass - måndag/tysdag/torsdag (morgon og ettermiddag)
- Halv plass - Onsdag/fredag (morgon og ettermiddag)

Opningstidene er frå kl. 07.00 - 16.30.

For å søkje på eit av dei ulike alternativane, må du søkje digitalt på visma flyt skule. Du kan følgje brukermanualen som ligg på kommunen si heimeside under fana SFO, [Logg inn \(visma.com\)](https://www.visma.com) og [paamelding foeresette brukarmanual sfo kommunen si heimeside.pdf \(sveio.kommune.no\)](https://www.sveio.kommune.no/paamelding_foeresette_brukarmanual_sfo_kommunen_si_heimeside.pdf)

Alle barn som skal begynne i 1. klasse og opp til 4. klasse, samt barn med særskilte behov opp til 7. klasse, kan søkje på dei ulike tilboda vi har på SFO. Dei som allereie har SFO plass treng ikkje søkje, for dei har plassen ut 4. klasse, om dei ikkje ynskjer endring.

Vi gjer føresette merksame på SFO vedtektene som ligg på Sveio kommune si heimeside under fana SFO, [https://www.sveio.kommune.no/_f/p1/i4fd2ce3d-2119-4bc8-8374-d529209befec/vedtekter i dei kommunale sfo-ordningane red iflg vedtak k-styret sak 093-17 fraa 01012018.pdf](https://www.sveio.kommune.no/_f/p1/i4fd2ce3d-2119-4bc8-8374-d529209befec/vedtekter_i_dei_kommunale_sfo-ordningane_red_iflg_vedtak_k-styret_sak_093-17_fraa_01012018.pdf). Her kan de lese om om; opptaksperiode og oppseiing av plass, dei ulike tilboda vi har m.m. Prisane finn du i eit dokument på same side, https://www.sveio.kommune.no/_f/p1/id851dfdb-4793-42c8-8394-9e6edd672abe/barnehage-og-sfo-2021.pdf.

Ferietilbod:

Tilbod i feriane kjem i tillegg til skuleårstilbodet, og føresette kan velja ei veke før skulestart, og ei veke etter skuleslutt samt haustferie og vinterferie. Ein skule kan berre gi ferietilbod om det er 10-11 påmeldte barn. Dersom det er få søkarar i dei ulike ferietilboda kan det bli aktuelt å gi eit samla tilbod for barna på ein av skulene i kommunen. Opningstid i ferien er frå kl. 07.30 - 16.00.

På Sveio skule vil vi ha aktivitetar knyta opp til dei ulike årstidene. Vi går tur i nærområde, lager mat, og kanskje får vi til eit besøk på brannstasjonen eller museet. Ferieplanen blir levert ut før oppstart av feriane. Aktivitetane blir med forbehold om kor mange vaksne og barn vi er.

Dei ulike ferietilboda som vi tilbyr på SFO for 2021/2022 ser de under. Dette kan de søkje på uavhengig om du har SFO plass eller ikkje.

Veke 32 - onsdag/torsdag/fredag og måndag/tysdag i veke 33

Veke 41 - haustferie

Veke 9 - vinterferie

Veke 25 - torsdag/fredag og måndag/tysdag/onsdag i veke 26

For å søkje dei ulike ferietilboda må du søkje på søknadskjema som ligg sist i dette skrivet. Du må også sende søknaden på e-post til:

bente.anita.johansen@sveio.kommune.no.

Hugs at fristen for å søkje dei ulike ferietilboda er satt til 15.03.21.

Vi håpar at det vert nok søknadar slik at vi året 2021/2022 kan gje eit godt tilbod på SFO til barna.

Skulle du lure på noko angående SFO er det bare å ta kontakt med:

SFO leiar: Bente Anita Johansen, e-post:

bente.anita.johansen@sveio.kommune.no, Mobil 91529560

Rektor: Ben Jerry F. Ellingsen, e-post: Ben.Jerry.Ellingsen@Sveio.kommune.no

Treng du hjelp med å søkje på visma flyt skule så kan du ta kontakt med vår sekretær Monica Jacobsen, tlf.: 53748300.

Påmeldingsskjema for feriane på SFO 2021/2022

Dato: 18.01.21

Alle frå 1. klasse til og med 4. klasse kan melde seg på dei ulike tilboda, samt barn med særskilte behov opp til 7. klasse.

Frist for påmelding: 15.03.21

Barnet sitt namn _____

Fødselsdato _____

Klassetrinn _____

Tilbod	Pris	Kryss av for ynsket tilbod
Tilbod i feriane: Det tilbodet de vel vil bli fakturert ekstra den månaden det gjeld. Det vil kome eit tillegg på kr. 40,- for mat pr. veke.		
Sommarferie 2021 Onsdag, torsdag og fredag veke 32 og Måndag og tysdag i veke 33.	1227,-	
Hautferie veke 41	1227,-	
Vinterferie veke 9	1227,-	
Sommarferie 2022 Torsdag og fredag i veke 25, og måndag, tysdag og onsdag i veke 26.	1227,-	

Opningstid i feriane er frå kl. 07.30 - 16.00

Signatur føresette

Scan søknaden og send den til: bente.anita.johansen@sveio.kommune.no.